



Lindås VVS NT AS
Pb 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 15/35352

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.11.2015

Gjeld søknad om utvida utsleppsløyve - gbnr 99/27 og 99/31 Våge.

Lindås kommune viser til mottatt søknad om utvida utsleppsløyve for gbnr 99/27 og gbnr 99/31. Etter ein førebels gjennomgang av søknaden har kommunen følgjande merknader:

Utvidinga er søkt om og dokumentert i forhold til kapittel 12 i forureiningsforskrifta som gjeld for anlegg opp til 50 pe. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 70 pe og søknaden skal handsamast etter kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

Utsleppsstad

Det må sendast inn kart som viser kor utsleppsstaden er. Det må gå fram av kartet kor langt ut i sjø leidningen går og kva djupne han ligg på.

Nabovarsel

Varsel om auka utsleppsløyve må sendast partar og andre som kan bli berørt av utsleppet. Kommunen vurderer at eigedomane som grensar ned til sjøområdet der utsleppsstaden er må varslast.

Då det ikkje ligg ved søknaden kart som viser utsleppsstaden er det vanskeleg å vurdere kor vidt nabovarslinga er tilstrekkeleg. Vi gjer merksam på at det er ansvarleg søkjar sitt ansvar å sørge for at tilstrekkeleg nabovarsling er gjennomført. Ytterlegare varsling kan verta krevd når tilstrekkeleg dokumentasjon for vurdering av dette ligg føre.

Fristen for nabomerknader er ikkje ute. Det er per dato ikkje kjend om det ligg føre merknader. Saka er send på høyring til Fylkesmannen i Hordaland.

Etablering og drift av anlegget

Det er ikkje gjort greie for om utsleppet skal etablerast og driftast i samsvar med § 13-6 - § 13-16 eller om det vert søkt om å fråvika desse krava. Dokumentasjon på korleis anlegget skal etablerast og driftast må ettersendast.



Vi ber om at tilleggskjemaene vert sendt oss snarast. Vi vil tilrå at søkjar nyttar søknadsskjema for utsleppsløyve etter kap. 13 i forureiningsforskrifta slik at naudsynt dokumentasjon vert sikra. Søknadsskjema finn ein på nettsida www.miljokommune.no

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Lindås VVS NT AS

Pb 42 5951

LINDÅS